



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested: Teams
Dato: 31.03.2023
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Styremøte blir gjennomført på Teams, fra kl. 09:00 - 15:00.
Lunsjpause, og evt. mindre pauser blir avklart undervegs i møte.

I tillegg til ordinære styresaker er det lagt opp til ei 20 min. orientering om prosjektet "*Villreinfangsten som verdensarv*". Sekretær for prosjektet, Trond Stensby, vil informere om status og nytt frå prosjektet, som sidan 2004 har arbeidd med å få prosjektet inn på UNESCO liste over verdsarvstadar.

Vel møtt til styremøte på Teams!

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 12/2023	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 13/2023	Referatsaker		
	Vedtak Romsdalen LVO - dispensasjon - 2023 - grunnundersøkelser i forbindelse med planarbeid - E136 Dombås - Vestnes - delstrekning Flatmark - Marstein		2023/2797
	Referat Oppstartsmøte 20.03.23 - Revisjon av Forvaltningsplan for Reinheimen		2022/10197
	Høring - revidering av handlingsprogram - regional plan for Ottadalsområdet		2023/3305
ST 14/2023	Delegerte saker		
DS 13/2023	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - transport til hytte ved Råkåvatnet - Steinar Håkenstad		2023/1373
DS 14/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Motorferdsel - 2023 - 2027 - nødvendig transport til gjetarbuer, bruer, og utkøyring av salt - Finndalen beite- og bruksrettslag		2023/1946
DS 15/2023	Delegert SAK - Dispensasjon - Reinheimen NP - Tafjorden-Reindalen LVO - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - helikopter - drift av kraftanlegg med tilhørende infrastruktur - Tafjord Kraftproduksjon AS		2023/1901
DS 16/2023	Delegert sak - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - Lortjørnin - Leif Skiaker		2023/2252
DS 17/2023	Delegert sak - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2025 - snødekt mark - Lordalsvegen - Bjørn Amund Enebo		2023/2798
DS 18/2023	Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - Kabben seter - Svein Sæterbø		2023/1590
DS 19/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - utkøyring av salt - transport til gjetarbu i Gravdalen - Skårvangen beitelag		2023/2205
DS 20/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - helikopter - transport og drift - Tafjord Kraftproduksjon AS		2023/1901

DS 21/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - øving rute 7 - Skjåk Røde Kors Hjelpekorps	2022/2090
DS 22/2023	Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2028 - snødekt mark - barmark - transport til hytte på Tunga - Preben Sandborg Røe	2023/367
DS 23/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - Motorferdsel - 2023 - Snødekt mark - transport av båt og materiale til fiskebu ved Stor Lusa - Kristin Skaansar	2023/1914
DS 24/2023	Delegert sak: Dispensasjon - Ottadalen LVO - Motorferdsel - 2023-2025 - transport i samband med resturering av fiskebu, og utkøyring av båt ved Honnsjoen - Håkon Øverli	2023/1939
DS 25/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Motorferdsel - 2023 - transport av utedo til Kroketetjønne - Torgeir Aamot	2023/2683
DS 26/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Lordalen LVO - motorferdsel - 2023 - 2025 - snødekt mark - Lordalsvegen - Bente Mølmen Lægland	2022/8983
DS 27/2023	Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2024 - snødekt mark - transport til fiskebu på Lortjønne - Lars Aaboen	2022/268
DS 28/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - befaring og feilretting på høyspentlinje - Fjellnett	2023/3016
DS 29/2023	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2025 - snødekt mark - transport av salt i Tordalen - Kjell Egil Ramstad	2023/2114
ST 15/2023	Trollstigen LVO - dispensasjon - 2023 - turmålsordningen StikkUT - Trollstigfoten - Rauma kommune	2023/2250
ST 16/2023	Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - skuter i beredskap - Førholen - Rolf Herman Bjerkeli	2023/3272
ST 17/2023	Romsdalen LVO - dispensasjon - 2023 - oppføring av tilbygg / ombygging av hytte - Miriambu - Preben Sandborg Røe	2023/1083
ST 18/2023	Reinheimen NP - dispensasjon - 2023 - oppføring av tilbygg til utedo / nytt inngangsparti - Vakkerstøylen - DNT Sunnmøre	2023/2305
ST 19/2023	Taffjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - 2023 - oppføring av søppelhus - Reindalseter - DNT Sunnmøre	2023/2308
ST 20/2023	Finndalen LVO - dispensasjon - 2023 - oppføring av elektrisk / automatisk bom - Finndalsvegen SA	2022/11631
ST 21/2023	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møteplan 2023	2023/947
ST 22/2023	Orienteringar	

ST 12/2023 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 13/2023 Referatsaker

**Vedtak Romsdalen LVO - dispensasjon - 2023 - grunnundersøkelser i forbindelse med planarbeid - E136 Dombås - Vestnes - delstrekning Flatmark - Marstein
Referat Oppstartsmøte 20.03.23 - Revisjon av Forvaltningsplan for Reinheimen
Høyring - revidering av handlingsprogram - regional plan for Ottadalsområdet**

ST 14/2023 Delegerte saker

**DS 13/2023 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - transport til hytte ved Råkåvatnet - Steinar Håkenstad 2023/1373
DS 14/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Motorferdsel - 2023 - 2027 - nødvendig transport til gjetarbuer, bruer, og utkøyring av salt - Finndalen beite- og bruksrettslag 2023/1946
DS 15/2023 Delegert SAK - Dispensasjon - Reinheimen NP - Tafjorden-Reindalen LVO - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - helikopter - drift av kraftanlegg med tilhørende infrastruktur - Tafjord Kraftproduksjon AS 2023/1901
DS 16/2023 Delegert sak - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - Lortjørnin - Leif Skiaker 2023/2252
DS 17/2023 Delegert sak - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2025 - snødekt mark - Lordalsvegen - Bjørn Amund Enebo 2023/2798
DS 18/2023 Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - Kabben seter - Svein Sæterbø 2023/1590
DS 19/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - utkøyring av salt - transport til gjetarbu i Gravdalen - Skårvangen beitelag 2023/2205
DS 20/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2023 - 2027 - snødekt mark - helikopter - transport og drift - Tafjord Kraftproduksjon AS 2023/1901
DS 21/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - øving rute 7 - Skjåk Røde Kors Hjelpekorps 2022/2090
DS 22/2023 Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2028 - snødekt mark - barmark - transport til hytte på Tunga - Preben Sandborg Røe 2023/367
DS 23/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - Motorferdsel - 2023 - Snødekt mark - transport av båt og materiale til fiskebu ved Stor Lusa - Kristin Skaansar 2023/1914
DS 24/2023 Delegert sak: Dispensasjon - Ottadalen LVO -Motorferdsel - 2023-2025 - transport i samband med resturering av fiskebu, og utkøyring av båt ved Honnsjoen - Håkon Øverli 2023/1939
DS 25/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Motorferdsel - 2023 - transport av utedo til Krokettetjønne - Torgeir Aamot 2023/2683
DS 26/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Lordalen LVO - motorferdsel - 2023 - 2025 - snødekt mark - Lordalsvegen - Bente Mølmen Lægland 2022/8983
DS 27/2023 Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2024 - snødekt mark - transport til fiskebu på Lortjønn - Lars Aaboen 2022/268
DS 28/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - befaring og feilretting på høyspentlinje - Fjellnett 2023/3016
DS 29/2023 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2025 - snødekt mark - transport av salt i Tordalen - Kjell Egil Ramstad 2023/2114**



Arkivsaksnummer: 2023/2250-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl


Dato: 07.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	15/2023	31.03.2023

Trollstigen LVO - dispensasjon - 2023 - turmålsordningen StikkUT - Trollstigfoten - Rauma kommune

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, k) og § 3, pkt. 4.2, får Rauma kommune dispensasjon til oppsetting av skilt til Stikk-Ut-postar til Kløvstien.



Kart 1. Stitråse.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for 2023.
- Dispensasjonen gjeld for merka tursti til på Kløvstien i Trollstigen landskapsvernområde og Reinheimen nasjonalpark jmf. kart 1. Start ved parkeringa ved Trollstigfoten.
- Stikk-UT-skilt kan settast på ein påle ved stistart.
- Forvaltninga kan krevje at Stikk-Ut turen blir fjerna, om det skulle bli påvist at verneverdiane blir truga av auka ferdsel.
- Skilt med påle skal fjernast når Stikk-UT er ferdig, seinast 15. nov 2023.
- Innan 1. desember 2022 skal det sendast ein rapport til sfinpost@statsforvalteren.no med informasjon om tal turar som er registrert, og erfaringar på avfall og parkering ilt tursesongen på denne Stikk-UT posten.

Tiltaket må avklarast med grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka


Søknaden

Rauma kommune er i gang med planlegging av årets sommersesong av StikkUT. StikkUT er ei turmålsordning der alle kommunane i Møre og Romsdal er med, i tillegg til Heim kommune i Trøndelag. Det er Friluftsrådet som har hovedansvaret for ordninga. Forslag til turmål vert foreslått av frivillige i kvar enkelt bygd, og deretter diskutert i ei kommunal arbeidsgruppe. Turmåla vert deretter sendt over til Friluftsrådet. Sommarsesongen varer 1.mai – 31.oktober, men med forbehold om utsatt åpning av dei turmåla der det ligg snø.

Til årets sesong har vi fått forslag om å ha med rundturen ved Trollstigfoten som eit av turmåla.

Turen er beskrevet her:

<https://morotur.no/tur/Trollstigfoten>



Turen er godt tilrettelagt med sti og skilting, og vi meiner det er ein flott tur som kan passe godt i StikkUT-samanheng.

Det vert lagt opp til parkering og stistart ved den store parkeringsplassen øverst. Vi har sendt spørsmål om dette til Nasjonale Turistvegar, men ikkje fått svar endå.

Det vil bli satt opp enkle skilt ved parkering, stistart og på strategiske plassar langs stien. Desse vil bli fjerna så snart sesongen er over. Turen ligg innafor Trollstigen landskapsvernområde, og vi vil med dette søke om å få benytte turen Trollstigfoten som StikkUT-turmål i perioden 1.mai – 31.oktober.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Naturmangfoldloven, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

Formålet med Trollstigen landskapsvernområde er blant anna at ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§3.

Punkt 1.3

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

k) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

4.2. Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.

Forvaltningsplan

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til enkle tiltak som kan styrke friluftslivet eller ei næringssatsing knytt til verneområdet eller som kan kanalisere ferdsla. Med enkle tiltak er det her tenkt på: Stutte merka ruter evt. med førar (carwalks) - Naturstigar - Småskala reiselivsutvikling i seterområda - Tilrettelegging av enkelte kulturminne for formidling av historia knytt til bruken av området. Søkjar skal dokumentere reelt behov for tiltaket. Ved søknad om løyve skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til - utforming av tiltaket - om dyrelivet kan ta skade av tiltaket - om terrenget toler auka slitasje som følgje av kanalisert bruk - om det finst tilrettelegging Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming

Vurdering

I eit mulighetsstudie for innfallsportar til verneområdet i Rauma, laga i 2021, vart Kløvstien peika ut som ein av innfallsportane til verneområdet, og ein av stiane som skulle utbetrast med tanke på å kanalisere turgåere til dette området. Kløvstien er også beskrevet i besøksstrategien til Reinheimen NP (2019), som ein av stiane vi toler besøk på.

Kløvstien er ein allereie godt etablert sti og startpunktet for StikkUt løypa startar ved ein stor parkeringsplass.

Vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert i naturbasen og i botaniske registreringar for Rauma kommune. Som vilkår har vi sett at forvaltninga kan krevje Stikk-Ut turen fjerna, om det skulle bli påvist at verneverdiane blir truga av auka ferdsel, jmf føre-var prinsippet (jf. § 9).

Det er stor trafikk på Trollstigen i løpet av sommarmånadene og det er eit parkeringsproblem langs vegen der det er turstier. Starten på denne StikkUt turen ligg ved ein allereie godt etablert og romsleg parkeringsplass. § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12 Miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetodar, er vurdert til ikkje vere relevant.

Ut i frå ei samla vurdering vil dette tiltaket ikkje ein merka StikkUt tur stride mot verneformålet eller påverke verneverdiane nemneverdig.



Arkivsaksnummer: 2023/3272-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 23.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	16/2023	31.03.2023

Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - skuter i beredskap - Førholen - Rolf Herman Bjerkeli

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i Naturmangfoldlova § 48, får Rolf Herman Bjerkeli avslag på søknaden sin om å køyre snøskuter til hytta si ved Førholen, til bruk for eventuell beredskap.

Det er ikkje heimel i verneforskrift for Romsdalen Ivo til omsøkt tiltak, og ei tillating ville skapt uheldig presedens og vært til skade for verneverdiane i verneområda.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad på e-post 15.03.2023

Saksopplysningar

SØKNAD OM MIDLERTIDIG SCOOTERLØYVE BEGRENSET TIL PÅSKA 2023.

Jeg tillater meg med dette å søke om midlertidig løyve til ha snøscooter i beredskap på Førholen påsken 2023, dvs. fra 1.04.- 10.04.

Kjøring vil skje etter eksisterende bilvei til Førholen slik det kjøres på barmark (i perioden 15.05. -1.12.) og forhåpentligvis kun det.

Påska 2022 opplevde vi vår største tragedie da vår eldste sønn døde på Førholen av akutt hjertestans 48 år gammel.

Førholen ligger 4 km fra brøytet veg og har dårlig og ustabil telefonforbindelse. Om han kunne blitt reddet om vi hadde vært hjemme eller håndtert situasjonen annerledes, blir bare spekulasjon.

Utryggheten rundt disse forholdene har gjort at vi ikke har greidd å bruke hytta nå i vinter.

Om vi greier å bruke hytta nå i påska gjenstår å se. Jeg gjør et forsøk på å ha en beredskapsplan for oppholdet og søker derfor om en tidsbegrenset tillatelse innenfor 10 dager og dispensasjon fra alle nødvendige lover og forskrifter i den sammenheng.

Så får vi se om en ev. dispensasjon kommer til anvendelse. Jeg imøteser en rask og positiv behandling



Kart som syner trase for køyring (Norgeskart.no).

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Romsdalen Ivo, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova (NML), 19.06.2009

Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. *å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet.* Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formålspunkt. *Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.*

Etter verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde er i utgangspunktet all motorferdsel forbode. Forvaltningsmyndet kan etter § 3 pkt. 5.3 bokstav b i verneforskrifta til Romsdalen LVO gje løyve til m.a: *Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.*

Forvaltningsplan.

Forvaltningsplanen for Reinheimen NP utdjuvar vernereglane.; Romsdalen landskapsvernområde: Nødvendig transport av ved, material eller varer til buer og hytter med vidare § 3, pkt. 5.3. *Motorisert ferdsel i Romsdalen landskapsvernområde skal haldast på eit nødvendig minimum. (...) For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode.*

Motorferdsel i samband med slike løyve skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar med snøscooter eller ved bruk av helikopter.[...]

Leigekøyraren har ikkje høve til å frakte personar. Dersom det ikkje medfører ekstra køyring kan likevel den som leiger leigekøyraren, sitte på med eller henge etter leigekøyraren på slik transport som nemnt ovafor.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Etter ein tragisk hending på hytta ved Førholen i påska 2022, der sonen døydde av akutt hjartestans, ynskjer søkjer og hytteeigar Rolf Herman Bjerkeli å ha ein snøskuter ståande ved hytta til nytte ved akutte situasjonar. Det er dårleg telefondekning i området og dei vil føle det tryggare å ha ein skuter ståande, om det skulle oppstå liknande situasjonar som den tragiske hendinga førre påske.

Vi har forståing for at det kjennes ubehagelig å tilbringe tid på hytta utan telefondekning etter ei slik hending. Det finns derimot inga opning i verneforskrifta for å gje løyve til snøskuterkøyring som beredskap i tilfelle akutte situasjoner skjer på hyttene. Ein slik tillating vil skape uheldig presedens, da det er mange hytter i verneområdet, og det kan være mange liknande grunner til at hytteeigere ynskjer å ha ein skuter i bakhand.

Naturmangfoldloven § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak.

Bestemmelsen åpner for at det kan gis dispensasjon dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Eit vedtak der ein gir tillatelse til snøskuterkøyring for å kunne brukes til beredskap, vil kunne gje uheldig presedens og uthuling av verneforskrifta. Motorisert ferdsel i Romsdalen landskapsvernområde skal haldast på eit nødvendig minimum av omsyn til dyr og folk som ferdes på tur. Det er mange hytter i verneområdet og likebehandlingsprinsippet gjer at eit slikt presedensvedtak vil kunne føre til unødig mykje snøskuterkøyring i verneområdet og difor være til skade for verneverdiene. Vi oppmodar søkjer å finne andre formålstjenelige løysningar som kan trygge opphaldet ved hytta i påska.



Arkivsaksnummer: 2023/1083-3

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 08.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	17/2023	31.03.2023

Romsdalen LVO - dispensasjon - 2023 - oppføring av tilbygg / ombygging av hytte - Miriambu - Preben Sandborg Røe

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3. c), får Preben Sandborg Røe avslag på søknad om å bygge om hytta utifrå dei teikningar som ligg ved søknaden. Søkjer blir råda til å ta kontakt med Møre og Romsdla Fylkeskommune for å tilpasse teikningane av hytta slik at den passar betre inn i byggeskikken på Tunga.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå OHC arkitektur og design as, på vegne av Preben Sandborg Røe 19.01.2023
- Uttale frå Møre og Romsdal Fylke på e-post 20.03.2023.

Saksopplysningar

1.oktober var forvalter og SNO i Reinheimen på synfaring ved Tunga og var bedt om å ta ein titt på hytta til Preben Røe, da han hadde planer om bygge om hytta si.




Bilete teke av Mari Melbø Rødstøl på synfaring 1. oktober 2022. Hytta sett frå vest.



Bilete teke av Mari Melbø Rødstøl på synfaring 1. oktober 2022. Hytta sett frå sør.



Billete teke av Mari Melbø Rødstøl på synfaring 1. oktober 2022. Hytta sett frå nordaust.



Blå pil syner kor hytta ligg på Tunga (Norgeskart.no).

Søknaden

På vegne av tiltakshaver Preben Sandborg Røe søkes det om dispensasjon og rammetillatelse for tilbygg/ombygg av hytta «Miriambu». Hytta ble bygget i 1959 av tiltakshavers far Olaf Røe og utvidet i 1982. Tiltakshaver har dype røtter til stedet og Reinheimen og ønsket er at hytta også skal være en berikelse for stedet og de som passerer det på sin vei – allmenhet eller besøkende.

Tiltaket som nå omsøkes tilsvarer i bruttoareal fløyen mot syd som rives og en bod/utedo som rives. Nåværende løsning har en rekke svakheter funksjonelt og estetisk.

Ønskemålet er å samle funksjonene i et volum med en bedre planløsning samtidig som en justerer fasadene slik at det hele fremstår lavere og bedre innpasset i landskapet. Tilbygget gir ikke økt overnattingskapasitet, men en langt mer effektiv og harmonisk løsning. Totalt bruksareal for bebyggelsen forblir uendret.

AREALOVERSIKT

Eksisterende bebyggelse:

Hovedhytte:		69,0 m ²
Bod	+	7,4 m ²
Sum:		76,4 m² BRA

Planlagt:

Hovedhytte:		69,0 m ²
Fløy av hytte som rives (syd)	-	17,5 m ²
Tilbygg (syd)	+	22,5 m ²
Sikringsbod for parafin og gass	+	2,4 m ² (eksisterende bod rives)
Sum:		76,4 m² BRA

UTFORMING

Dagens hytte har en 1 ½ etasjes høy sydfasade som med hell kan dempes for å fremstå lavere. Fasaden mot nord ligger litt nedgravd og fremstår derfor ikke så høy som sydfasaden. Fra grusveien kan en skimte nordfasaden gjennom bjørkeskogen og denne fasaden endres knapt. Hyttas planer har et klart potensiale til forbedring. En lang innvendig gang på sydsiden er lite arealeffektiv. Stue og kjøkken er mørke og har dårlig utsikt. Hovedatkomsten til hytta er fra øst, men må gå rundt hytta for å komme til inngangsdøren på vestsiden.

Hovedgrepet det søkes om er å legge tilbygget mot syd. En løser da ovennevnte problemer. Gangen innlemmes i ny åpen stue-kjøkken samtidig som hytta får trukket ned taket mot syd. Gesimsen mot syd senkes med ca 1 meter fra 3,9 meter til 2,9 m til terreng (målt skjæring vegg/tak). Dette vil gjøre at hytta setter seg bedre i terrenget og fremstår betydelige lavere ut mot elvedalen.

Fasade vest og øst vil da også følge terrengfallet mot syd med taket på en naturlig nedskalert måte. Tilbyggets tak er trukket litt inn fra begge sider og underordner seg hovedtaket. Taket er lagt inntil med en liten gradforskjell som deler opp takflaten slik at den fremstår slankere og nettere.

Ny hovedinngang er lagt naturlig til sørøsthjørnet med et enkelt takoverbygg som skjermer døren. Solide trespiler er lagt som transparent værskjerm her og felt mot nord på vestsiden.

Nytt pipeløp eksponeres i fasaden mot vest og gir et fint relieff i overgangen mellom nytt og gammelt. Vinduer er plassert slik at de gir fin utsikt fra oppholdsdelen og samtidig med vekt på at fasadene skal fremstå hyggelige og rolige. Fløyen mot syd som skal rives har store firkantvinduer. Alle vinduer i hytta skal skiftes ut og de nye vinduene vil fremstå som en

helhet rundt bygget med vekt på balanse mellom nytt og gammelt. Enkle glassflater kombinert med noe oppruting gir et fint spill som knytter arkitekturen til eldre byggeskikk uten å kopiere blindt og utviske historien. Vinduene ønskes malt i en varm, dyp grønn tone for å gi hytta ytterligere et mer dempet uttrykk. Dette vil gjøre hytta enda mindre synlig – spesielt i sommerhalvåret.

Det er lagt ved illustrasjoner som viser hytta (Miriambu) sett fra de nærmeste hyttene og det er på det rene at det er så stor avstand mellom hyttene at en vanskelig kan skjelve endringer – spesielt hensyntatt vegetasjon og trær som ikke fremkommer på illustrasjonene.

Eksisterende hytte er bygget i maskinlaft (70mm) uten ytterligere isolering utvendig eller innvendig. Nytt tilbygg med oppholdsrom planlegges fullisolert iht dagens krav fritidsbebyggelse, mens eksisterende del med soverom mv planlegges etterisolert på innsiden med trefiberisolasjon (+50mm). Nye yttervegger paneles utvendig med liggende vestlandskledning/weatherboard av malmfuru som får gråne naturlig. Neste gang hytta får en runde med tjære påføres også den nye delen med dette. Dagens overflate fremstår lett solsvidd som et tradisjonelt tømmerhus og dette er intensjonen og ønskemålet også i fortsettelsen.

DISPENSASJONER

1)

Det søkes dispensasjon fra Verneplan Reinheimen Pkt.4 §3: Bygninger mm

De generelle disp.reglene gir adgang til unntak fra vernereglene når formålet ikke strir mot vernet. Utover ovenstående redegjørelse vil vi her presisere følgende:

Fra 4.3.2 Retningslinjer (s.38): Ombygging:

«Etter søknad kan ombygging av eksisterende bygg normalt tillatast» (§3, 1.3b og siste ledd)
Dette gjelder størstedelen av omsøkte tiltak – dvs. 69 m2.

Utviding:

«Det skal normalt ikke godkjennast utviding av eksisterende bygg. Etter søknad kan det likevel godkjennast utvidanger som gjev praktiske forbedringer, lettat vedlikehaldet, auker tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpasning til landskapet»

Vi mener omsøkte tiltak samsvarer godt med de ovenstående kriteriene. Den begrensede omdisponeringen av areal på 5 m2 er viktig for å optimalisere løsningen og det totale fotavtrykket endres ikke. Plante- og dyreliv, friluftsliv berøres ikke.

«Området i Reinheimen nasjonalpark er svært spreidd utbygt, så det kan vere vanskeleg å gjere greie for ein eins byggjeskikk», (ref forvaltningsplanen side 36).

Den arkitektoniske løsningen er søkt tilpasset eksisterende hytte og lokal byggeskikk.

Ettersom hyttas hoveddel er bygget i maskinlaft fra 1982 styrer dette uttrykket med horisontale linjer og et tjærebeiset uttrykk som knyttes an til lokal byggeskikk. Videre er hyttas høyde tatt betydelig ned mot syd slik at den vil fremstå lavere og mer dempet enn i dag. Alle vinduer skal skiftes og det skal nyttes refleksfritt glass. Vi søker om å ha vindusrammene i en mørk-dyp flaskegrønn farge fremfor hvit som skiller seg mer ut.

Undertegnede arkitekt har gjort dette i andre prosjekt og fått gode tilbakemeldinger på dette. Eksempel med grønne karmen hytte Sjodalen i Vågå ved OHC:

2)

Det søkes dispensasjon fra kommuneplanens arealdel LNF-Sone 2 (PBL §20-4, nr.2)



Argumentene er overlappende med dispensasjon 1 over og gjentas derfor ikke her.

Vi håper det fremlagte materialet belyser prosjektet på en god måte og slik at et vedtak kan fattes så raskt som mulig med tanke på mulig byggestart til våren. Skulle det være spørsmål er det bare å ta kontakt med undertegnede.

Vedlegg

Målestokk: 1:1000

Koordinatsystem: UTM 32N




SKISSE OG DISP. OG RAMMETILLATELSE	13.09.2022	DHC	DHC
Bestillingen	Dato	Sign.	Navn
ARKITEKTUR & DESIGN			
dhc@oche.no (+47) 522 82 522 lognerveien 22, 0263 Oslo www.dhc.no			

Tegning Plan 1. etasje - FØR HYTTE TUNGA - Riving og tilbygg Tunga (adresse) 0000 Sted Preben Sandborg Ree og Kari Haugli	Prosjekt.. 150	Dato opprettet 12.09.2022	Gr./Bnr./Festevr.. 82/11	Måst. 1:100	Tegninger.. A20-01
	Fase. Forprosjekt	Sign.	Kontroll	Godkjert	Rev. ID







ETILLATELSE	13.01.2023	QHC	QHC
	Date	Sign	Navn
DESIGN			

Tegning	Prosjekt	Date opprettet	Gr./Elev./Festlev.	Målt	Tegningnr.
Plan 1.etasje - ETTER	150	12.09.2022	82/11	1:100	A20-02
HYTTE TUNGA - Riving og tilbygg Tunga (adresse) 0000 Sted Preben Sandborg Røe og Karl Haugli	Fase:	Sign.	Kontroll	Godkjert	Rev. ID
	Forprosjekt				



Tegning	Prosjekt	Date opprettet	Gr./Elev./Festlev.	Målt	Tegningnr.
Plan Hems - FØR	150	12.09.2022	82/11	1:100	A20-03
HYTTE TUNGA - Riving og tilbygg Tunga (adresse) 0000 Sted Preben Sandborg Røe og Karl Haugli	Fase:	Sign.	Kontroll	Godkjert	Rev. ID
	Forprosjekt				





E10




Snitt A - FØR




Snitt A - ETTER

E11



Terrenngnitt - FØR

1:500



Terrenngnitt - ETTER

1:500




avkjørsel fra vei (nord)




fra vei (nordvest)






fra vei (vest)




Fasade Nord - FØR




Fasade Nord - ETTER






Fasade Syd - FØR



Fasade Syd - ETTER



NB:
Skog rundt hytta på alle kanter
(bjørk og furu)

E17



E18



E19



Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune 20.03.2023

kulturmiljøfagleg fråsegn

Vi viser til e-post av 23.01.2023 med oversending frå Reinheimen nasjonalparkstyre v/ nasjonalparkforvaltar Mari Melbø Rødstøl. Vi ber om orsak for seint svar på førespurnaden. Saka gjeld fasadeendring og oppføring av tilbygg ved hytta «Miriambu» på Tunga, på gbnr 82/11-7 i Rauma kommune.

Vår myndigheit

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde. Fylkeskommunen sitt planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste. I denne saka gir vi fråsegn i rolla som regional kulturmiljømyndigheit.

Om tiltaket

Hytta «Miriambu» står innafor Romsdalen landskapsvernområde. Det er fleire slike hytter i dette området. Hytta er i 1 ½ etasje og vart bygd i 1959 og utvida i 1982.

Tiltaket gjeld riving av utedo/bod og fløy mot sør.

Søkar sin vurdering er at noverande løysing har ei rekke «svakheiter» funksjonelt og estetisk. Med forslaget som ligg føre ønsker dei å samle funksjonane i eit volum, med ei betre planløysing. Søkar opplyser om at eit av måla med fasadeendringa er å justere fasadane slik at dei framstår lågare og betre innpassa i landskapet. Dei ønsker å gjere grep slik at fasadane framstår dempa og lågare.

Vår vurdering av tiltaka

Hytta «Miriambu» står innafor Romsdalen landskapsvernområde. Det er fleire slike hytter i dette området. I denne saka skal det vurderast om ombygginga skjemmer landskapet og om den ikkje tek omsyn til lokal byggeskikk.

Den eksisterande hytta er bygd opp av to tydelege og enkle saltaksvolum. Hovudvolumet ligg langs kotene, medan det andre står på tvers av kotene ned mot elva. Dette gir hytta eit L-forma fotavtrykk. Dette har vore ein vanleg måte å utvide bygningar på, også i dette området. Dette gjer at byggetrinna oppfattast uavhengig av kvarandre, samstundes som saltaksforma vert ein fellesnemnar for dei to voluma.

Vi har ingen merknader til rivinga av bod, eller sør-fløy. Fylkeskommunen stiller derimot spørsmål ved fleire av endringane i fasade, samt prinsippet som er valt for tilbygg. Fylkeskommunen vurderer at den føreslegne utvidinga mot sør gjer at den eksisterande hytta sine klare avgrensa volum og formspråk forsvinn. Ved at ein i søknaden riv saltaksfløya mot sør og erstattar det med eit volumet som ligg langs etter hovudfasaden så bidreg det til at hytta si opphavlege form vert meir uklar. Det som før var to tydelege saltaksvolum som saman danna ei L-forma fotavtrykk, er i søknaden vist som eitt enkelt volum som er trekt ut i breidda. Aller helst skulle vi her sett at ein her valte å bygge eit tilbygg som følger tradisjonen og det eksisterande påbyggingsprinsippet – med eit enkelt saltaksvolum som fører vidare det L-forma fotavtrykket.

Vi oppfattar det som eit noko uheldig grep å legge ei utviding som ei forlenging av eksisterande gesims, samt midtstilt på sør-fasaden. Grepet gjer at utvidinga mot sør glir saman med hovudvolumet. Ei plassering av eit tilbygg nedanfor gesims, som i dag, ville i større grad ha vidareført forma til hovudvolumet.

Når det gjeld utforminga av fasadane so oppfattar vi at fleire av vindauga verker noko tilfeldig plasserte. Fleire av fasadane får mykje større, og fleire, lysflater enn tidlegare. Dette slepp ljøs inn, men det slepp også ljøs ut på omgjevnadane når hytta er i bruk.

Plasseringa av og storleiken til fleire av vindauga i søknaden gjer at fasaden går frå å vere ei veggflate med vindaug i, til at vindaugsflatene no får mest merksemd. Fleire av veggflatane

vert i forslaget redusert til enkelstående «lappar». Dette er særleg synleg mot vest, kor ein går frå eit enkelt vindaug på line med den tette døra, til glassdør, med glassfelt over døra, samt utvida vindaug til venstre for døra.

Fleire av vindauga oppfattast som ein hybrid mellom gammalt og nytt. Ein har i forslaget gått bort frå symmetriske vindaug med midstilt post og fleire stader erstatta dette med sidestilte vindaug, eller vindaug av ein helt anna type. Eksempelvis i gavltrekant mot vest. Her kunne ein med fordel i større grad ha vidareførte hovudprinsippet ved det eldre vindaug, som har eit meir symmetrisk preg.

Vi er samd med søkar i at tilbygget bør ha same tjørebrente overflatehandsaming som hovudvolumet. Grepet gjer at eit nytt volum tilpassar seg eksisterande situasjon.

Fylkeskommunen vurderer at fasadane i søknaden med fordel kan justerast for å betre passe inn med byggeskikken på staden og for å i større grad ivareta landskapstilhøva på staden – i tråd med forvaltingsplana for Reinheimen landskapsvernområde.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet.

Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formålspunkt.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

Romsdalen landskapsvernområde er i medhald av verneforskrift § 3 pkt. 1.1 verna mot inngrep;

Området er verna mot inngrep som kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretingar, vegbygging, vassdragsregulering, (,,,,,,). Opplistinga er ikkje uttømmende.

I § 3 pkt. 1.3. c, opnar forskrifta for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.

Forvaltningsplan

Forskrifta er vidare forklart slik i forvaltningsplanen;

For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks. 3 bygningar.

Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar er: i sårbare område som snaufjell eller seterområde av omsyn til andre bygningar i

nærleiken av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m² ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c Det kan etter søknad gjevast løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2 b. Alle nybygg, oppattbyggingar, tilbygg og restaureringar skal utførast i lokal byggjeskikk. Dette inneber at bygget så langt det er råd skal tilpassast eksisterande bygg i utforming, areal/volum, plassering, tilpassing til eksisterande hus og materialval. Forvaltningsstyresmakta kan stille vilkår når det blir gjeve løyve til slike tiltak. Ved vurdering av søknader om nybygg skal ein vurdere bygget og bygget sin funksjon opp mot verneformålet og verneverdiane i området. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet.

Naturmangfaldlova

Tiltaket vert vurdert etter dei miljørettslege prinsippa som er nedfelt i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 - 12.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Hytta «Miriambu» ligg på Tunga i Romsdalen landskapsvernområde. Det er fleire liknande hytter i dette området. Hytta er i 1 ½ etasje og vart bygd i 1959 og utvida i 1982. Tiltaket som er omsøkt gjeld riving av bod og utviding av hytta med fløy mot sør.

Søklar si vurdering er at noverande løysing har ei rekke «svakheiter» funksjonelt og estetisk. Med forslaget som ligg føre ynskjer dei å samle funksjonane i eit volum, med ei betre planløyving.

Det kan etter søknad gjevast løyve til ombygging, utviding og fasadeendring av eksisterande bygningar i Romsdalen lvo.

I forvaltningsplana står det: *Alle nybygg, oppattbyggingar, tilbygg og restaureringar skal utførast i lokal byggjeskikk. Dette inneber at bygget så langt det er råd skal tilpassast eksisterande bygg i utforming, areal/volum, plassering, tilpassing til eksisterande hus og materialval. Forvaltningsstyresmakta kan stille vilkår når det blir gjeve løyve til slike tiltak.*

Det kan være vanskeleg å finne ein einsarta byggeskikk ved Tunga men alle hyttene på Tunga vart bygd før vernet og er av tradisjonell karakter. Hyttene har tydelege og enkle saltaksvolum og ved påbygg blir dette gjort, som omsøkt hytte, ved et L-forma uttrykk. Jmf. uttale frå MR fylkeskommune: *Dette gir hytta eit L-forma fotavtrykk. Dette har vore ein vanleg måte å utvide bygningar på, også i dette området. Dette gjer at byggetrinna oppfattast uavhengig av kvarandre, samstundes som saltaksforma vert ein fellesnemnar for dei to voluma.*

Dei gamlaste hyttene på Tunga er også ganske høye, dvs. har fleire etasjar, og det er difor uheldig at arkitekten har førsøkt å dempe dette uttrykket, da dette også er ein del av den trasisjonelle byggeskikken i dette området, jmf. søknaden: *Dagens hytte har en 1 ½ etasjes høy sydfasade som med hell kan dempes for å fremstå lavere.*

I vernereglane er det teke høgde for at det kan vera behov for utviding av bygningar, når det etter søknad kan *godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet.*

Forvalter var på synfaring også delvis inne i den eksisterande hytta sommaren 2022 og har forståing for at eigar vil gjere praktiske endringar med hytta og bl.a. opne opp for meir lys inn. Som det står i forvaltningslana er det viktig at desse endringane blir gjort slik at ein tek omsyn til den lokale byggeskikken. Arkitekt frå MR fylkeskommune ringte forvaltar etter at uttalen var levert, for å presisere nokon av argumenta han hadde skreve i uttala. Det var totalinntrykket, at ein ikkje har tatt vare på den definerte hyttefasongen og at vindaugene var ein miks av gammalt og nytt, som var viktig for ham å presisere. Han opnar for at det ikkje treng å være småruta vindauge på den nye hytta, men at blanding av nytt og gammalt (smårutar og store vindauge), samt at vindaugene verka noko tilfeldig plassert, var uheldig. Han ville gjerne være med og gje råd til søkjar ved eventuell omtegning, for å betre ta vare på hyttas uttrykk, og betre tilpasse den tradisjonelle arkitekturen på Tunga.

I tillegg til hyttas arkitektoniske uttrykk må vi sjå på størrelsen som det søkjast om. I forvaltningsplanen står følgjande: *For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks. 3 bygningar.*

Det er uheldig at ombygginga fører til at hovedhytta aukar i areal frå 69 m² til 74 m². Med uthus vil totalarealet overstige 75 m², som er uheldig sjølv om totalt bruksareal for bebyggelsen forblir uendra.

Grunnen til at eksisterande bygningsmassen på denne tomte er over 75 m², er at bygningane var oppført før vernet. Etter ein lang verneprosess der forskrifter og forvaltningsplan vart utforma, var konklusjonen at bygningsmasse pr hyttetomt ikkje skal overstige 75 m², ein bestemmelse som vil slå inn ved denne ombygginga og nybygg av uthus. Det vil i denne saka skape presedens om vi tillet eit nybygg (bod) som gjer at totalarealet vil overstige 75 m² (BRA). Det er ynskjeleg at ein kan sjå på nye teikningar av hytta slik at dette kravet blir overheldt.

I medhald av nml § 7, er søknaden vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdier i området. Det er gjennom naturbase god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Det er ikkje vurdert som nødvendig å bruke føre-var prinsippet (§ 9). Det er bilveg fram til hytta, men det må sannsynlegvis søkjast om ekstra turar i samband med hyttebygginga. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning. Det er fleire gamle hytter på Tunga og hyttemiljøet består av tradisjonelle norske hytter, samt nokon eldre som opprinneleg har vore seter/gardshus og med fleire etasjar. Det er sannsynleg at det kan komme fleire søknadar om ombygging av hytte ved Tunga, og eit vedtak i denne saka kan skape presedens. Det er viktig at den tradisjonelle hyttearkitekturen blir teken vare på ved Tunga, då dette er ein del av landskapsbildet i dette området og at arealbegrensinga blir overheldt. Ein dialog med arkitekt ved Møre og Romsdal Fylkeskommune kan lønne seg, for å få teikna ei hytte som er meir tilpassa området. § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode, blir vurdert til å ikkje være relevant.

Vi er ikkje mot ei ombygging av hytta så lenge det står i stil til lokal byggeskikk, og oppfordrar søkjer om å ta eit møte med arkitekt ved Møre og Romsdal Fylkeskommune og andre teikningane slik at totalinntrykk med vindauge og tak passar betre inn, og at kravet om 75 m² (BRA) blir overholdt.

Ut i frå ei totalvurdering meiner vi at omsøkt tiltak strider mot vernevedtaket sitt føremål men oppfordrar til å sende inn ein ny søknad med endra teikning.



Arkivsaksnummer: 2023/2305-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 23.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	18/2023	31.03.2023

Reinheimen NP - dispensasjon - 2023 - oppføring av tilbygg til utedo / nytt inngangsparti - Vakkerstøylen - DNT Sunnmøre

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen Nasjonalpark § 3, punkt 1.3, bokstav b), får DNT Sunnmøre dispensasjon til ombygging av utedoen for å få takutspring over inngangsdøra.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Takutspringet skal gå inntil 1,2 m ut frå vegg på utedoen og skal dekkast med torv som resten av taket.
- Torv til taket kan tas frå utgravinga under terrassen.
- Behandling av rekkverk og vegg/dør skal være av samme type som resten av utedoen.
- Utbygg under inngangspartiet kan byggjes 120 cm under platingen som utgjør inngangspartiet. Søraust-enden av dette skal tildekkes med torvjord som blir tatt fra under terrassen. Sørvest-enden skal forblendes med naturstein.
- Frist for gjennomføring av tiltaket og opprydding er satt til 10.10. 2023. Alt av bygningsmaterialer, utstyr og rot skal innen denne tid være ryddet bort.

Vi gjer merksam på at (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Tiltaket må og avklarast med Rauma kommune.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad på E-post frå DNT Sunnmøre 17.02.2023
- Dispensasjon til bygging av ny utedo ved Vakkerstøylen, 2019/10162
- Presiseringg/ny teikning i e-post frå hyttesnsvarleg på Vakkerstøylen. 22.03.2023.

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen vedtok i styremøte 24.06.19 dispensasjon til riving av den gamle utedoen, og oppføring av ny utedo på Vakkerstølen. I vurderinga frå denne saken står det: *I Reinheimen er det berre DNT Ålesund-Sunnmøre turistforening som har turishytter av omfang, og det er god oversikt over trafikken og verksemda til turistforeninga i verneområdet. Det er liten risiko for mange andre likande søknader i området. Utviding av utedoen er tilpassa eksisterande bruk av turishytta Vakkerstølen, og er eit nødvendig tiltak.*

10.03.2020 kom det inn ein ny søknad, der dei søkte om å kunne endre på teininga av den nye utedoen. *Endring i 2020: Dugnadskomiteen på Vakkerstøylen har kommet fram til at en ytterdør inn i forgang er mye mer praktisk løsning enn to ytterdører. Særlig vinterstid. Den nye doen blir en halv meter breiere enn den vi fikk godkjent i 2019.* I styremøte 19.05.2020 vart det gitt dispensasjon til å utvide utedoet etter dei nye teiningane.

Ved bygging av denne utedoen vart imidlertid ikkje teiningane fulgt. I mail frå DNT 30.09.2020 står følgjande: *Dessverre er det mye gammelt skrot i grunnen her fra tidligere tider. All jord rundt doen var full av plast, hermetikk og glass. Vi fikk sortert så godt det lot seg gjøre før vi trillet jorda bort til gjerdet. Vi fylte to storsekker med søppel, og antar at det veier ca. 700 kg!! På grunn av dette blei grunnarbeidet litt annerledes enn vi hadde sett for oss, og det er derfor litt mer rotete rundt doen enn vi hadde håpet. Dette må vi få ryddet opp i til neste år, blant annet ved å dekke til litt med stein. Av den grunn flyttet vi også inngangsdøra på siden, og laget et lite inngangsparti der. Vedlagt bilder av doen og søppel i grunnen.*


Forvalter vart kontakta av Stein Moe som er hytteansvarleg for Vakkestøylen vinteren 21/22. Han inviterte forvalter til ein synfaring sommaren 2022, i samband med fullføringa av utedoet som dei hadde fått løyve til i 2019. Hyttekomiteen hadde forslag om fleire endringar på bygget i forhold til det dei hadde fått løyve til. 01.10.2022 dro forvalter og SNO på synfaring inn til Vakkerstøylen, då det var dugnad på hytta og utedoen.

Søknad om tilbygg på utedo på Vakkerstøylen


Sommeren 2022 var det befaring på Vakkerstøylen med nasjonalparkforvalter og representanter fra dugnadskomiteen på Vakkerstøylen.

Siden bygginga har det vært et midlertidig rekkverk på plattingen foran inngangsdøra på doen. Dette må vi forsterke og gjøre finere. I samme prosess ønsker vi å forlenge plattingen så den går i flukt med vestveggen, og forlenge med tak over inngangspartiet slik at det ikke snør igjen om vinteren. Vi ønsker også å flytte vannkrana som står ute inn under dette taket, slik at det blir mer opplagt for håndvask etter toalettbesøket. Det blir satt opp en vask i denne forbindelse.

Taket blir forlenget med 120 cm. og holdt oppe av fire stolper. Rundt kommer det rekkverk. Under plattingen er det i dag et hullrom som blei til ved utgraving av doen, (se bilde). Dette er lite estetisk og hensiktsmessig. Vi ønsker å jevne til, og bygge igjen dette. Kantene vil bli forsterket av en mur av samme type som i dag, og en dør vil bli satt foran. Vi ønsker å bruke dette til oppbevaring av gassflasker, som det er lurt å få ut fra hovedbygget. Vi mener at hele dobygget blir betraktelig finere hvis dette blir gjennomført. Material vil bli flydd inn på hovedflygning i slutten av juni.




Mål: 1:500




S

✱
2600
✱



✱
2400
✱

✱ 2500 ✱
N



Forvalter etterspurte bedre tegninger av påbygget i e-post 20.03.2023.

Svar på e-post frå Stein Moe 22.03.2023

Ny tegning som avtalt

Med noen presiseringer:

- Utbygg under inngangspartiet skal bygges 120 cm under plattingen som utgjør inngangspartiet
- Sør enden vil tildekkes med masse og torv så høy som mulig
- Sør enden over påfylt masse vil forblendes med lokal naturstein





Bilete teke på synfaring 01.10.2022 (Mari Melbø Rødstøl).



Bilete teke på synfaring 01.10.2022 (Mari Melbø Rødstøl).

Heimelsgrunnlag

Delegering

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar (...), jf. verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.1.

Forvaltningsmyndet kan etter § 3 pkt. 1.3 i verneforskrifta gje løyve til definerte tiltak m.a.:

b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan for Reinheimen s. 38, står følgjande om utviding:

«Utviding § 3, pkt 1.3 b.

Det skal normalt ikkje godkjennast utviding av eksisterande bygg. Etter søknad kan det likevel godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet. Ved vurdering av søknad om utviding skal det leggast vekt på at bygget blir halde i eksisterande storleiksorden, og at nytt bruksareal ikkje blir auka med meir enn 10 %.»

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

DNT Sunnmøre fekk løyve til å rive og bygge nytt utedo ved Vakkerstøylen allereie i 2019. Sidan den gong har dei i fleire omgangar søkt om å endre på det dei allereie har søkt om og fått løyve til. Det søkes no om å bygge eit tak over inngangsdøra til utedoet for å unngå at inngangspartiet blir nedsnødd om vinteren.

I vernereglane er det teke høgde for at det kan vera behov for utviding av bygningar, når det etter søknad kan *godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet.*

I medhald av nml § 7, er søknaden vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad. Den viktigaste vurderinga vart tatt i samband med søknaden om å rive og bygge nytt utedo. Det vart i den samanheng vurdert til at det nye utedoet strir ikkje mot vernevedtakets formål, og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Vi skal her vurdere påbygg av takutspring med terrasse under og rekkverk.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området. Det er gjennom naturbase god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Det er ikkje vurdert som nødvendig å bruke føre-var prinsippet (§ 9). § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning. Omsøkt tiltak strir ikkje mot verneformålet og vil med fastsette villkår ikkje endre landskapet sin art eller karakter. Ved å setje villkår til vedtaket vil ikkje samla belastning på økosystemet endrast ved tiltaket. Eit takutspring på utedoen med ei lita terrasse med rekkverk vil ikkje gje store endringar på totaluttrykket til utedoen.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12 Miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetode, blir vurdert til å ikkje være relevant.

Omsøkt tiltak er av minimalt omfang og vil forbetre funksjonaliteten på utedoet. Utvidinga i inngangsparti strider ikkje mot vernevedtakets formål, og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Forvaltningen vil likevel bemerke at det er uheldig med så mange justeringar på byggeprosjektet. Det er viktig med godt planlagte prosjekt i nasjonalparken slik at alle vurderingar og konsekvensar blir teke med i den fyrste søknaden.



Arkivsaksnummer: 2023/2308-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 07.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	19/2023	31.03.2023

Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - 2023 - oppføring av søppelhus - Reindalseter - DNT Sunnmøre

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3 c) får DNT Sunnmøre dispensasjon til å utvide søppelstasjonen.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Inntil to nye søppelhus kan plasseres ved søppelstasjonen.
- Størrelsen på søppelhusene skal være av samme størrelse som dei eksisterande: 1,2m x 1,2m x 1,6m, med 10 cm takutspring på både sider.
- Søppelhusa skal plasserast parallelt ovanfor dei andre slik at det vil bli to like rekker med tre like søppelhus på kvar side av trammen som skiller dem.
- Panel skal være av samme type, farge og lengderetning som eksisterande søppelhus.
- Frist for gjennomføring av arbeidet er satt til 10.10.2023. Før denne fristen skal alt av rot rundt søppelstativet være rydda bort.

Vi gjer merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaket er gjort i samsvar med vilkåra.

Tiltaket må og avklarast med Fjord kommune.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknaden er vurdert i samsvar med:

1. Forskrift om verneplan for Reinheimen, vedlegg 3. Vern av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde.
2. Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.
3. Naturmangfaldlova, 19.06.2009.

Saksopplysningar

Søknaden om påbygg på søppelstativet ved Reindalsseter kom fyrst 02.06.2022. Då det ikkje kom bilete av søppelhuset vart denne søknaden satt på vent.

Søknaden 02.002.22

Reindalsseter har sluttet å brenne søppel, og det har ført til økt mengde avfall som må håndteres. Søppelhuset består i dag av tre kammer av ca. 1,2x1,2 meter. Høyda er ca. 1,6 meter opp til mønet, med skråtak slik at søppelluka blir lett tilgjengelig.

Plassering av søppelhuset ligger bak annekset og bodene. Se kart [her](#)

Vi søker om å få bygge på en seksjon til slik at det til sammen blir 4 luker. Bygget forlenges da ca. 1,2 meter mot vest.

Ved godkjent søknad vil material flyges opp på hovedflygning 24. juni, og påbygg vil bli gjort etter det. Vedlagt ligger kopi av de originale tegningene.

17.02.2023 kom ein ny søknad frå DNT Sunnmøre der også bilete av søppelhuset var med:

Reindalsseter har behov for oppføring av nye søppelhus. I dag er det 4 stykker som står der, hvorav det ene kom ned fra en annen hytte i fjor, og ikke er beiset. Vi har behov for to til. Dette vil hindre at vi trenger å ha hvite storsekker stående i påvente av neste flygning, og gjøre tunet ryddigere. Søppelmengda kan variere noe fra år til år med hvordan varene er emballert.


Det kan også relativt snart bli krav om kildesortering også på hyttene. Grunnen til at det ikke er på plass er at renovasjonsselskapene i kommunene ikke har det på plass ved flygning ned fra fjellet, men dette har vi fått signal på at vil komme. Da vil flere hus være nødvendig.

På vedlagt bilde er situasjonen slik det er i dag. De to neste husa er like, og vil komme ved siden av det lyseste, slik at det blir to like rekker. Dette vil også se mer ordentlig ut, og en del av det andre kan ryddes vekk.






Den blå sirkelen illustrerer plasseringa av søppelstasjonen. (Bilete teke frå [Reindalseter ut.no](http://Reindalseter.ut.no))



Kart over området



Teikning av søppelhusa.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særperga og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart

- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høg fjell med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen

- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde (§ 3, pkt. 1.1) er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrelegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

I følgje verneforskrifta § 3, pkt. 1.3. kan forvaltningsstyresmakta gje dispensasjon til;

Side 4 av 6

c) Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.

Forvaltningsplan

Retningsliner for byggjeskikk, ombygging og tilbygg og drift av turisthytter, er omtala nærare i forvaltningsplan for Reinheimen kap. 5.3. frå s. 56, kap. 5.5. s. 61:

Drift av turisthytter § 3, pkt 1.2, b.

Drifta av Reindalssæter turisthytte kan halde fram som før vernetidspunktet, men heile tida på ein måte som gjer at plante- og dyrelivet, samt kulturminne i området ikkje blir skadelidande. Forskrifta har inga innverknad på vanleg vedlikehald av bygningar, men vedlikehaldet må ikkje føre til endringar i storleik eller eksteriør på den eksisterande bygningsmassen. Utover allereie eksisterande og godkjende planar, blir det ikkje høve til å oppføre nye bygningar i samband med drifta. For tiltak på bygningar gjeld retningslinene under pkt. 5.3 Bygningar.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til ombygging av og tilbygg til eksisterande bygningar. Ein skal då vurdere heilskapen i miljøet der bygningen står, og om endringa fører til vesentleg forringing av dette. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

Byggjeskikk § 3, pkt 1.3.

Den lokale rettleiaren for Norddal, samt kjenneteikna som er skissert i dette kapittelet skal følgjast ved nybygging, ombygging, tilbygg og vedlikehald av eksisterande bygningsmasse. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Reindalseter er den einaste betjente turisthytta til DNT Sunnmøre og er ei populær turisthytte med 76 sengeplassar. Hytta er i tillegg eit populært dagsturmål frå Zakariasdammen.

I 2019 fikk DNT Sunnmøre løyve til å utvide kjøkkenbygget på Reindalseter. Det var etter krav frå mattilsynet behov for å utbetre fasilitetane ved kjøkkenet.

Før brente man avfall utanfor DNT-hyttene, noko som ikkje er tillat i dag. Med frakt av mat og utstyr til hytta fylgjer ein god del emballasje og søppel som må oppbevarast, til det blir frakta ned til riktig avfallshåndtering. DNT Sunnmøre ser no behov for å utvide søppelstasjonen for å få det meir ryddig.

Forvaltningsplanen vektlegg bruksendring ved utviding og ombygging av eksisterande bygg. Omsøkt tiltak vil ikkje medføre ei bruksendring, men vil vera ei praktisk forbetring av søppelhandteringa og gjere det enklare å halde det ryddig rundt DNT-hytta.

Vurdering mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom naturbase. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Tilrettelegginga skjer i eit område med ferdsel og ein kan ikkje sjå at tiltaket vil gje merkbar meirbelastning på naturmiljøet, og kulturminne i området når det ikkje aukar overnattingskapasiteten, jf. førevar-prinsippet (§ 9).

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, er vurdert til ikkje relevant i denne saka.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

DNT Sunnmøre treng ikkje meir motorferdsel i samband med dette byggetiltaket, då flyging av materialar skjer i samband med hovedflyginga i slutten av juni.

Presedensverknaden av ei sak er ei vurdering av om det vil føre til at mange andre vil søkje om dispensasjon til liknande tiltak i framtida. DNT Sunnmøre er den einaste aktør som driv ei betjent turisthytte i Reinheimen. Det er fleire aktørar i Reinheimen som leiger ut hytter, men ikkje med så omfattande bygningsmasse og drift, med matservering og merking av turstigar som DNT Sunnmøre. Ei utviding av søppelhuset på Reindalseter vil såleis ikkje skape presedens overfor liknande søknader, jf. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltaket er positivt for å ha ei ryddig avfallshandtering på Reindalseter. Ei utviding gir praktiske forbetringar, lettar drifta for dei tilsette. Utvidinga vil ikkje auke overnattingskapasiteten på Reindalseter, og er i samsvar med vernereglane i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde.

Tiltaket er ikkje i stri mot vernevedtakets formål og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.



Arkivsaksnummer: 2022/11631-2

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 07.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	20/2023	31.03.2023

Finndalen LVO - dispensasjon - 2023 - oppføring av elektrisk / automatisk bom - Finndalsvegen SA

Innstilling frå forvaltar

Med heimel naturmangfaldlova § 48 og verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, h), får Finndalsvegen SA dispensasjon til:

1. Installere automatisk bomsystem med solcelleløsning innafor Finndalen lvo.
2. Sette opp gjerde kring solcellepanel og teknisk skåp.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Nytt informasjonsskilt skal settast opp på utsiden av veggen, med same plassering som eksisterande skilt og bomkasse står i dag.
- Mast med fotokamera, solcellepanel og teknisk skåp skal plasserast på innsida av veggen, ca 50-70 meter etter nytt informasjonsskilt, som vist på kart/flyfoto vedlagt søknaden. Masta kan ha ei høgde på inntil 3,5 m.
- Storleik på solcellepanelet kan ha mål på inntil 3200 x 3340 cm, og skal ha ei matt utforming og plassering som ikkje gir gjenskin.
- Solcellepanel og teknisk skåp skal fundamenterast på støypt betongsåle, i ein avstand på minimum 6 meter målt frå mast med kamera. Arealet på betongfundamentet kan være inntil 4,5 x 2,5 meter, og høgde inntil 20 cm.
- Mellom mast med kamera og fundament for solcelleanlegg skal det gravast ned eit føringsrør i bakken.
- Betongfundamentet med solcellepanel og teknisk skåp kan gjerdast inn. Inngjerda arealet kan ha mål på inntil 5 x 4 meter. Gjerdemateriale skal være tradisjonelle gjerdetypar som stakitt eller skigard, bygd med med moglegheit for demontering dersom nødvendig. Det kan også nyttast nettinggjerde eller straumgjerde.
- Det gamle skiltet og bomkasse skal fjernast frå verneområdet når det nye bomsystemet er på plass.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert tilpynting av terreng og opprydding er 30.09.23. Etter denne fristen fell dispensasjon bort.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift, og tiltakshaver må avklare tiltaket med grunneigar og kommune.

Vi gjer merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Finndalsvegen SA, e-postar 24.11.22, 19.03.23 og 22.03.23

Saksopplysningar

Søknaden

Finndalsvegen SA søker om å fornye bomsystemet og sette opp ein ny automatisk bom på Finndalsvegen.

I søknaden frå Finndalsvegen SA står følgjande:

«Finndalsvegen SA ønskjer å få sett opp elektrisk/automatisk bom i Finndalen sommaren 2023. Den skal plaserast i same område som bommen er nå. Det skal settes opp:

- nytt informasjonskilt
- mast med fotokamera på
- solselleanlegg
- teknisk skåp.

Plassering og koleis det ser ut, går fram av vedlegg.

Finndalsvegen SA søker om løyve til å sette den nye bommen.

Ynskjer dykk fleire opplysningar, så ta kontakt. Finndalsvegen SA får ikkje skrivi under på bindane avtale om kjøp før løyve er gjeve.»

10:14



FORSLAG
TIL
Skiltplassering



Bom og solcelleløsning
for
Finndalsvegen SA

OVERSIKTSKART

Skilting, bom og solcelleanlegg



FORSLAG
TIL
Bomplussing

Oppsett

Bom og Solcelleanlegg



FORSLAG
TIL
Skiltplussing

Eksempel fra kunde – PIH AS (Sjusjøen)

Ferdig installert
Bom og Solcelleanlegg

Søkjar sendte supplerande opplysningar om storleik på anlegget, og ei enkel skisse av inngjerding av anlegget:

«Slik jeg tolker det utifra kartverk, så er selve bomanlegget tenkt plassert ca. 50-70 mtr. innenfor grensen til landskapsvernområdet.

Høyde på masten har jeg fått opplyst at blir maksimalt 3,5 mtr.

Når det gjelder størrelsen på skilt så er det to typer skilt. Det største skiltet plasseres der eksisterende skilt står. Dette har fysisk mål på 1,2x1,5 mtr (bredd x høyde). Det minste skiltet plasseres ved bom, og måler 0,7x0,8 mtr.

I tillegg kan det være aktuelt å erstatte dagens advarselsskilt om avstand til bom, vi må hvertfall korrigere avstanden. Dette er også et skilt som måler 0,7x0,8 mtr.»

Om behov for inngjerding:


«Sender deg en enkel skisse av et tenkt inngjerdet solcelleanlegg. Beklager, det ble litt barnetegning-aktigt det her.

Det er litt vanskelig å komme med noen eksakte mål utifra de tegningene vi har av anlegget. Men vi sier at inngjerdet område blir maksimalt 5x4 meter, så kan vi heller håpe at det blir mindre.

Vi tenker utførelse blir stakittgjerde, muligens bygget i seksjoner for enkel demontering dersom det skulle bli nødvendig, f.eks. med tanke på snødrev vinterstid.

Betongsålen blir ca. 4,5x2,5x0,2. Det er tenkt å fylle inntil så den ikke stikker nevneverdig over bakkenivå. Vi håper at gjerdet blir stående på betongplata, men dette kan vi ikke si sikkert, derfor søker vi om 5x4 mtr.

Vi vet ikke helt hvor mye som trengs, derfor søker vi om 5x4 meter, så kan vi håpe at det blir mindre. Høyden tenkte vi kanskje å justere litt etter solcellepanelet, men på det laveste blir det nok ca. 1,2mtr.»



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020

Verneformål – forskrift

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er mellom anna å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart (Verneforskrift § 2).

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

Oppføring av bomsystemet med skilt, mast med kamera og solcelleanlegg og inngjerding er forbode etter denne regelen. Det må derfor gjevast dispensasjon for at oppføring av bomsystemet skal være lovleg.

Frittstående vegskilt, mast med kamera og solcelleanlegg er ikkje spesifisert i verneforskriftene og må vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. § 48 fyrste alternativ dekkjer forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltstående avvik frå vernereglane.

Når det gjeld inngjerding kan forvaltningsstyresmakta i følgje verneforskrift § 3, pkt. 1.3, gje løyve til:

h) Gjerding i utmark og bygging av sankekveer.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Reinheimen frå 2010 gir ikkje føringar for oppsetting av skilt lang veg eller solcelleanlegg, men i følgje forvaltningsplan skal all bygging være i trå med lokal byggeskikk, jf. side 126:

«Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval, Byggjeteknikk, Utforming og farge jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet.»

Når det gjeld gjerde så er det i forvaltningsplan skildra at gjerde har vore utført som stakitt, skigard, einegjerde og steingjerde.

Vidare står det om gjerde og sanketrøer, § 3 pkt. 1.3, h):

«Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til gjerding i utmark i den grad det er nødvendig for landbruksdrifta eller skjøtsel av kulturlandskapet. Gjerding skal kunne skje med tradisjonelle gjerdetypar som skigard, stakitt, steingjerde eller einegjerde. Det skal også kunne nyttast nettinggjerde eller straumgjerde. Sanketrøer bør plasserast innåt anna inngjerd område. Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.»

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

Finndalsvegen er ein privat bomveg, bygd som landbruksveg, men har også verdi for friluftslivet. Vegen er ca 13 km lang frå statsallmenningsgrensa ved Skårvangen til Vangen og er open for motorferdsel i barmarkssesongen. I enkelte år blir vegen utsett for skade etter snøsmelting, flaumepisodar og erosjon frå sidevassdrag. Belastning på vegen krev årleg vedlikehald og søkjar har eit akseptert behov for å fornye bomsystemet som sikrar inntekter for drift av vegen.


Forvaltningsplan for Reinheimen manglar retningsliner for montering av frittstående vegskilt, mast med kamera og solcelleanlegg, *men ved byggetiltak skal ein leggje vekt på at tiltaka ikkje dannar ein kontrast eller verkar skjemmande i landskapet.*

Forvaltningsmyndigheten kan midlertidig etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ gje dispensasjon til tiltak som ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Dette betyr at det kan gjevast dispensasjon dersom dei omsøkte installasjonane ikkje er i strid med verneformålet eller ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er fyrst og fremst knytt til natur- og kulturlandskapsverdiar, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgje ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. Leve- og trekkområde til villreinen er også sentralt i verneformålet, i tillegg til anna biologisk mangfald som pregar landskapet. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Søker har lagt ved illustrasjon som viser korleis skilt, mast med kamera og solcelleanlegg vil sjå ut ved plassering. Skiltet er levert etter ein standard, og må vera godt synleg. I utgangspunktet er det nye bomsystemet med mast, kamera og solcelleanlegg eit framandelement i landskapet som verkar skjemmande. Men på ei anna side vil plassering av bomanlegget rett innafor vernegrensa, om lag 2 km frå den fyrste setra på Odden, vera i så stor avstand at det ikkje verkar nemneverdig skjemmande i seterlandskapet, eller skjemme det verdifulle bygnings- og setermiljøet.

I tillegg er det søkt om å få gjerde inn solcelleanlegget for å hindre skade på beitedyr og det tekniske anlegget. I forvaltningsplan er det teke høgde for at det kan vera behov for inngjerding som er nødvendig for landbruksdrifta eller skjøtsel av kulturlandskapet. Gjerding skal kunne skje med tradisjonelle gjerdetypar, som t.d. skigard, stakitt. Finndalen er ein viktig seterdal med aktivt utmarksbeite, der det blir sleppt totalt ca. 1800 beitedyr på utmarksbeite i beitesesongen. Med såpass stor konsentrasjon av beitedyr i området vil det vera eit dokumentert behov for å gjerde inn solcelleanlegget, både av omsyn til beitedyr og vilt for å unngå skade på dyr, men og for å unngå skade på det tekniske anlegget.



Plassering av nytt informasjonsskilt som erstatter eksisterende skilt og bomkasse.



Plassering av mast med kamera inntil vegen, og solcelleanlegg med teknisk skåp på innsida av vegen, inn mot vegetasjon/skog.

Ei eller anna form for straumkjelde er nødvendig for å drifte bomsystemet, og det vil vera ein stor fordel med automatisk bom på ein driftsveg med såpass omfattande bruk, og som i tillegg er oppe for det allmenne friluftslivet og i samband med jakt/fiske.

Solcellepanel/teknisk skåp og mast med kamera er i utgangspunktet eit framandelement, men vil ved plassering på innsida av vegen ikkje verke så skjemmaende på landskapet at det strider mot verneformålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig. Vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfoldlova § 48 fyrste ledd, første alternativ er såleis oppfylt. For å avbøte på evt ulemper som gjenskin frå solcellepanel, kan det stillest krav om at solcellepanelet skal ha ei matt overflate.

Enkeltiltaket det er søkt om er knytt til eksisterande bomveg i landskapsvernområdet, og samla omfang av liknande søknader vil neppe koma på eit nivå som gjev samla belastning på området over akseptabelt nivå, jf. nml § 10 «økosystemtilnærming og samla belastning» og presedensverknad. Tiltaket vil ikkje føre til endra/auka bruk eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål.



Arkivsaksnummer: 2023/947-4

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 23.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	21/2023	31.03.2023

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møteplan 2023

Innstilling frå forvaltar

Justert møteplan 1. halvår 2023:

3/23: 05.mai - Teams

4/23: 26.- 27.juni - Arbeidsmøte forvaltningsplan, synfaring Slettvikane, styremøte Valldal

Møteplan 2.halvår 2023:

5/23 : 22.sept - Skjåk Almenning. Møte med Rådgjevande utval

6/23: 23.-24.nov. - Lom / Vågå, siste fysiske møte for styreperioda

7/23: 8. des. - Teams

Eventuelle nødvendige endringar blir justert etter behov, og blir lagt fram for styrebehandling.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen, revidert 20.mars 2020:

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Vedtekter-nasjonalparkstyret-for-Reinheimen_01.03.20.pdf

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har hatt 7 møte i 2022, der 4 vart gjennomført på Teams, og 3 fysiske møte som vist under:

1 - 25.02.22 Teams

2 - 20.05.22 Teams

3 - 23.-24.06.22 Hotel Aak, Åndalsnes. Synfaring info.pkt. Trollveggen og Kløvstien

4 - 4.07.22 Teams

5 - 23.09.22 Billingen Seterpensjonat, Skjåk

6 - 07-08.11.22 Norsk fjellsenter, Lom. Møte med Rådgjevande utval 07.11.

7 - 09.12.22 Teams

I vinterhalvåret 2023 har nasjonalparkstyret hatt 3 Teams-møte, 2 ordinere styremøte 15.02.23 og 31.03.23, og 1 AU-møte 13.03.23.

Heimelsgrunnlag

Delegering

I vedtektene til nasjonalparkstyret står følgjande om møter:

7. OM MØTENE I NASJONALPARKSTYRET

Kommunelova kap. 6 om sakshandsaming i folkevalde organ skal brukast så langt dei passer, med dei tilpassingar som er fastsett i denne vedtekta. Kommunelova § 40 gjeld tilsvarande.

Styret bør tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer. Leiaren pliktar å kalle inn dersom minst ein tredel av medlemmene ønskjer det.

Varsel om innkalling til møte i nasjonalparkstyret skal skje med 2 vekers varsel. Endeleg innkalling med saksdokumenta skal sendast 1 veke før møtet. Styret avgjer sjølv om det vil ta opp eventuelle saker som vert ettersendt seinare enn dette.

Det skal først protokoll frå møta. Styreleiar og eit medlem som vert vald ved møtestart, skriv under protokollen. Eventuelle protokolltilførsler må setjast fram i møtet.

Forvaltar si tilråding til vedtak skal gå fram av møteprotokollen.

I dei tilfella der styret sitt vedtak har eit anna utfall enn forvaltar si tilråding til vedtak, må styret si grunngjeving for val av anna utfall kome fram i vedtaket.

For at forvaltningsstyret skal vere vedtaksført må minimum halvparten av medlemmene vere til stade. Vedtak vert fatta ved alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelrøyst.

9. RÅDGJEVANDE UTVAL

Styret skal oppnemne eit rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i området, som m.a. grunneigarar, offentlege organ som det angår særleg som til dømes friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Nasjonalparkstyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.

10. ADMINISTRATIVT KONTAKTUTVAL

For å sikre at forvaltinga av verneområda blir godt integrert i den kommunale forvaltinga, bør styret oppnemne eit administrativt kontaktutval med representantar frå administrativt nivå i dei ulike kommunane.»

Vurdering

I samsvar med styrevedtektene foreslår nasjonalparkforvaltaren at det vert lagt opp til 3 fysiske styremøte i 2023, kombinert med eventuelle synfaringar, møte med rådgjevande utval eller andre relevante aktørar/tiltak og prosjekt. Dei resterande møta blir gjennomført på Teams, som etablert praksis.

Det vil i tillegg vera rom for å nytte AU-Reinheimen, til å behandle saker som hastar, dersom nasjonalparkforvaltarane ikkje har vedtaksmynde, eller det av prinsipielle grunnar er nødvendig med politisk behandling. Dette er ein fleksibel løysning for å handtere saker som hastar, krev politik behandling, og når det av praktiske grunnar ikkje er mogleg å samle heile styret.

Møtedag på fredag blir vidareført i 2023. Forvaltarane vil leggje fram følgjande forslag til møteplan f.o.m. 31.mars og ut året 2023:

Justert møteplan 1. halvår 2023:

3/23: 05.mai - Teams

4/23: 26.- 27.juni - Arbeidsmøte forvaltningsplan, synfaring Slettvikane, styremøte Valldal

Møteplan 2.halvår 2023:

5/23 : 22.sept - Skjåk Almenning. Møte med Rådgjevande utval

6/23: 23.-24.nov. - Lom / Vågå, siste fysiske møte for styreperioda

7/23: 8. des. - Teams

Eventuelle nødvendige endringar blir justert etter behov, og blir lagt fram for styrebehandling.

ST 22/2023 Orienteringar